
Fra: Larissa Dahl
Sendt: fredag 10. juli 2020 13:50
Til: 'post@arkoconsult.no'; 'Inge A. Johannessen'
Emne: Trong for opplysningar sak 20/13179 søknad om ferdigattest Øvre Austmarka 10a,b
Vedlegg: Byggesak Gbnr 7921 Tjore Nedre - Tomannsbustad - stadfesting p(329130).pdf

Hei! Viser til søknad om ferdigattest for tomannsbustad på gbnr 479/21 Øvre Austmarka 10 a,b mottatt 03.07.20.

Eg ser ut frå historikken i denne saka som pågår frå 2015 at det er satt fleire rekkjefølgjekrav her. Kan Dere redegjere her på at alle punktane i politiske vedtaket nedanfor i sak 30.09.15 er på plass før vi gir ferdigattest?
Vedtaket lyder:

PLT - vedtak:

Det vert gitt dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i reguleringsplan og illustrasjonsplan med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at det vert søkt om rammeløyve for tomannsbustad i samsvar med krav i Tek10.
3. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Der vert føresett at siktline mot fv 565 vert utbetra mot nord og at utkjørselen vert opparbeid i samsvar med veglova.
4. Det må etablerast gangsti frå bnr 19 mot nord fram til gangbru over fv 565 før det vert gitt ferdigattest. Gangstien er mellombels og kravet fell bort når veg og bustader i reguleringsplanen for området vert utbygd.
5. Tiltaket skal knytast til kommunal vassleidning når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.
6. Tiltaket skal knytast til kommunalt avløpsanlegg når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.
7. Eksisterande byggjestil må leggest til grunn for bustadbygging i det aktuelle området.

Ser at det er gitt bruksløyve som ble forlenga minst 3 ganger. Det har pågått tilsynssaka parallelt også.

Sist i korrespondanse fra desember 2019 i sak 15/770 ba Radøy kommune om innsending av samla søknad om endra avkjørsla i saka (sjå vedlegg), kan ikkje så at dette er mottatt.

I følgjebrev skriv Dere at gangsti blir omsøkt i eigen sak seinare, men dette knytte vilkår i politisk sak 2015 til rekkjefølgjekrav då må dette liggje ferdigstilt før ferdigattest skal gis.

Ber om opplysningar i saka innanfor 10.08.20.

Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@alver.kommune.no